



Magne Huglen steller svært godt med dei to sauene som han har mykje glede av.

**I min tidlege dyrelegekarriere gjekk det ein kurs-serie i landbruket kalla « sauehald med framtid». Når vi no skal ta for oss Magne Huglen sitt sauehald, så anar lesaren alt no ein viss ironi, men det skal vi koma attende til.**

Redaksjonsekretæren har vore veldig oppteken av at nokon må skrive om prydsauene til Magne før dei siste vandrar heden. Vi snakkar om prakteksemplar av rasen bles. Korleis rasen oppsto strides dei lærde. Anten som eit resultat av krysning mellom svart ryggjasau og spælsau på 20-talet eller import av svartblessau frå Nederland. Dyra er som sagt ein pryd for auge, men kastar lite av seg og har difor minka sterkt i antal. Rogaland Blæselag vart stifta i 1997 og freistar å ta vare på rasen.

Magne var i si tid ein av dei fremste sauebøndene i Kvinnherad. Han var djupt engasjert i organisasjonslivet, og var vel faktisk leiar i skrapesjukeåret 1996. Tilliks med den legendariske Hans K. Guddal var det sau frå morgon til kveld! Det vil sei heilt til kyrne, hestane, turistane og låvedansane tok han.

For å gjera ei lang historie kort, så foregikk det ein massakre av sauer i 1997. 3-4000 sauer vart pålagt slakta, inklusive Magne sine. Det var tøffe tider, og eksempelvis vart ein så depriment at han ikkje sto opp før etter tre veker!

Etter nokre år, dvs. i 2002, tykte familien og spesielt dottera, Rannveig, at det var på tide at Magne på ny kunne kose seg med sauer. Etter ein 50-års dag og ein farsdag vart han den stolte eigar av 3 bleslam, ala opp av Karen Steinsletten, øvst i Omvikedalen.

Dette vart starten på eit svært spesielt sauehald der profitt ikkje har stått i sentrum. Då dyra var to år gamle fekk dei løyve av eigaren til å treffe ein ver, og dei kom i lukkelege omstende. Men dett var dett! Seinare har dei berre hatt platoniske forhold, og etter mi meining reiser det ein del etiske spørsmål. Burte det ikkje vera ein søyerett å få seg ein ver?



Magne er ein sann dyrevenn!

Magne er jo kjend som ein sann dyreven, og truleg har nok redsla for å måtte slakte nokon overskygga sunn fornuft. Med unntak av 3 verer som gode naboar tok seg av, har alle med unntak av dei no to attlevande døydd av «naturlege årsaker».

Desse to er høvesvis 15 og 13 år gamle. Truleg er dette norgesrekord. Elles er dei også vorte verds- berømte, avbilda og omtala i det mest kjende klatremagasinet, «Climbing Magazine».

Kanskje skuldast den høge alderen at dei har fått gjort som dei har vilja, då som sagt med eitt unntak. Eit kosthald med innslag av blomar, prydbuskar og hamburgerbrød har utvilsomt også verka positivt. Musikk er også noko som nok har fremja eit langt liv og livskvalitet. Det er ikkje få festidalar og låvedansar desse to har fått oppleve. På direkte spørsmål til Magne om musikksmak, seier han følgjande: «dei aksepterer Vassendgutane, men dei er absolutt mest glad i blues». Betre kan det vel ikkje seiast!

Kva no med framtida? Det seier seg sjøl at helsa ikkje er som ho var, litt gikt og tannmangel kjem ein ikkje utanom, men det vil i følge Magne gå ei absolutt grense ved behov for sondeforing. Livskvaliteten er under kontinuerleg overvaking, og i samråd med fastlegen og familien vil det bli avgjort om det er fornuftig med hjelp for å treffe kameratane i sauehimmelen.

På spørsmål om dette vil vera hans siste sauer svarar Magne stadfestande. Men folkens, han dreg litt på svaret. Du verden som desse dyra har pynta opp på Dønhaug!

Tekst og foto: Bjarne Lilleaas  
 Nett: Thor Inge Døsland